



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2023.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
59



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Ove Midtflø  
Visepresident: Astrid Velle  
Styremedlem: Svein Dag Slettebakk  
Sekretær: Bernhard Harkjerr  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Idar Flø  
Ansv.red.: Øystein Alme  
Referent: Johan Ole Brandal

---

---

Gje meg dei vindskeive  
Dei med bulker og arr  
Dei som har sett nasen i  
Veggen og har stått fast  
Men aom sta har reist seg  
Gje meg dei som står ved  
At livet rasper og bit  
Og som vågar visa seg  
Med alle sine fargar  
Og som ikkje prøver skjula  
Der fargane har bleikna  
Ja, gje meg dei levde  
Med runeskrift i huda  
Og livsvarme i augo  
Det er der eg finn kvile

Bente Bratlund

---

## **Referat frå Rotarymøte 9. november 2023.**

Denne mandagen var det meininga at vi skulle avvikle årets røyrafest, men grunna diverse utfordringar måtte denne festen utsettast.

Som erstatning for festen fortalde Idar Flø litt frå sitt arbeid med elektronisk registrering av fangst og bifangst, samt klimarekneskap etc ombord i norske fiskefartøy.

Denne registreringa foregår på plattformen Ocean Intel, som skal vere med å danne grunnlag for god forvaltning av dei norske fiskeressursane.

Det er ofte konflikt mellom fiskarane og forskningsmiljøet, noko som er vanskelig å unngå. Likevel er det viktig å fortsette arbeidet for ei berekraftig fiskeriforvaltning, som alle partar ser seg tente med.

I dette systemet blir fiskefartøy, kvoter, fangst, bifangst, verforhold, havstraumar, og klimarekneskap osv registrert.

Ein nyttar moderne teknologi til både innhenting av data, systematisering av materialet og prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom fiskerinæringa, NTNU og Arkitekt og Designhøgskolen i Oslo.

Det er søkt om statsstøtte til finansiering av prosjektet.

## **Referat frå Rotarymøte 13. november 2023.**

Denne mandagen var vi på besøk i det nye vikinghuset på Leira, i Hjørungavåg.

Både Ulstein og Hareid Roteryklubb var med på omvisinga.

Prosjektleiaren Ronny Nipen var omvisar og fortalde levande om ideen til bygget, og korleis dugnadsgjengen har realisert bygginga.

Det har så langt kosta knapt 1,4 mill og nesten alt av arbeid er basert på dugnad og gratis tilgang på skog.

Tømmeret kjem frå den kommunale skogen på Røyset og frå Overå.

Det er felt 240 tre og alt tømmer er skore på bandsag.

Taket er tekt med takflis frå Latvia, som spesiallaga treflis, impregnert i Hjørungavåg og montert på taket.

Det er kjøpt ca 14600 takfliser.

Golviet er kortreist og kjem frå Horningdal.

Det er registrert ca 11000 dugnadstimar så langt.

Vikinghuset er eit mektig og imponerende byggverk, og dei handverksmessige detaljane er berre fantastiske.

Dugnadsgjengen er ei samansett gruppe, dei fleste pensjonistar, frå forskjellige yrker.

Eldsjel og arbeidsleiar har vore og er Gunnar Hjørungnes.

Ronny Nipen, Gunnar Hjørungnes og resten av dei frivillige fortener stor ære for det dei har fått til.

Interessa for bygget er stor, både frå kommune, lokalt reiseliv, undervisning, konsertarrangørar etc. og vil verte eit flott tilskot til vikingbygda Hjørungavåg.

Det er også planar om naust og brygge ved vikinghuset

## Referat frå Rotarymøte 20. november 2023.

Denne mandagen avvikla klubben den tradisjonelle Røyrafesten på klubbhuset. Lokalet var vakkert pynta og den gode eimen av nysteikt røyr møtte oss i døra. Til festen var styret i Hareid Revmatikarlag invitert, som takk for støtte til klubben gjennom mange år.

Det var godt frammøte og mange var i følge med ektefelle eller sambuar.

Rotarymedlemmane Jørn Gjerde og Harald Elias Teigene hadde også i år gjort jobben med fising og stell av fisken.

Dette er eit imponerande arbeid som vi i klubben er svært takksame for.

Det var god stemning og maten smakte veldig godt.



## Referat frå Rotarymøte 27. november 2023.

Programfritt.

Tradisjonen tru var siste mandag i månaden programfritt.

Praten gjekk lystig ved borda og kaffen og vaflene smakte som vanlig godt.